

Rusomsorg Vest, Nappane

Titlandsvegen 359

5912 Seim

Lindås kommune

Byggesaksavdelinga v/ Siril Therese Sylta

5914 Isdalstø

Viser til melding om forureining frå avlaupsanlegg-gbr.nr 129/6 og 33 Titland søndre, datert 26. juni 2018.

Det er å beklage om vårt avlaupsanlegg skal ha gjort skade og ureina enga til naboen vår, gbnr 129/9- Kristine Hunter Allport og Charles Sommerseth Lilleskare. Det er enda meir beklageleg at me vert varsla om lekkasjen på avlaupsanlegget gjennom Lindås kommune, i staden for direkte frå naboane. Me tenkjer at det ville vore naturleg å gi oss beskjed straks årsaka til lekkasjen, ureininga, vart oppdaga, slik at me fekk ordna opp i eiga «skit».

Me set elles spørsmålsteikn ved om det er lov å reparera andre sine avlaupsanlegg utan å vera fagmann, eller først å ha gjort ein avtale om dette.

Det vert i brevet vist til at det tidligare har vore kontakt mellom Rusomsorg Vest, Nappane, naboen og Lindås kommune vedr mogleg ureining frå anlegget. Dette stemmer, men det har òg vist seg at det ikkje har blitt oppdaga noko ureglementert ved anlegget.

I brevet frå Lindås kommune vert det spekulert i om septiktanken og anlegget på gbnr 129/6 og 129/33 er underdimensjonert. Me kan då melda at tal personar som har brukt anlegget dagleg siste året, har i snitt vore 7 personar. Dette gjeld både bebuarar og arbeidarar. Hytta, gbnr 129/33 har ikkje vore bebudd sidan sommaren 2017.

Det vert i brevet elles vist til ureiningslova § 7, at ingen må ha, gjere eller setje i verk noko som kan medføre fare for ureining, og at når det er fare for ureining skal den ansvarlege sørge for tiltak for å stanse, fjerne, eller avgrense verknaden av den.

Lindås kommune kan ikkje vera ukjent med at Rusomsorg Vest, Nappane, har søkt kommunen om å få løyve til å setja opp eit minirensanlegg, nettopp med tanke på å ureina nærområdet og naturen minst mogleg, men har fått avslag på dette. Når naboane våre, Kristine Hunter Allport og Charles Sommerseth Lilleskare, vil nekta oss å ha sandfiltergrøft over deira eigedom, og heller ikkje ein slange frå eit rensanlegg, er det vanskeleg for oss å utbetra anlegget. I brevet vert det vist til at Kristine Hunter Allport og Charles Sommerseth Lilleskare vil seie opp den private avtalen om å ha rett til å ha avløpsvatn over deira eigedom, men me håper likevel at me kan koma til ei ordning.

Det har vore mykje uro rundt drifta i Rusomsorg Vest, Nappane, siste åra. Sjølv om det vert slik at drifta i den forma me har i dag må leggjast ned, vil me halde fram med å bruke bygningsmassen og

ha aktiviteter på Nappane, men då som menighet. Me ynkjer å arrangere møter, seminar, weekend, bibelveker, osv, og treng derfor eit avlaupsanlegg som er godkjent og fungerer som det skal.

Lindås kommune krev at røyrleggjar skal undersøkje avlaupsanlegget vårt. Me kan leige inn røyrleggjar til å sjekka anlegget vårt, men kan ikkje sjå at me skal ta kostnadane for dette. Me set spørsmålsteikn ved om ikkje det juridisk er klagar, i denne saka Kristine Hunter Allport og Charles Sommerseth Lilleskare, som event må ta på seg kostnadane for dette.

Me vil til slutt be om samarbeid både med Lindås kommune og våre naboar for å få på plass eit avlaupsanlegg som ikkje ureinar eller skapar meir irritasjon, slik at me får ro rundt saka.

Nappane 14.juli 2018.

Rusosmsorg Vest, Nappane

Steinar Færø Valdersnes

Dagleg leiar